

NOTAT

Til: Områdeutvala

Frå: Divisjon psykisk helsevern, Helse Bergen HF

Dato: 4.1.2023

PRIORITERINGAR 2023

Helsevesenet møter store utfordringar i 2023. Dette gjeld ikkje minst for psykisk helsevern. Vi må nøye gå gjennom bruken av den samla kapasiteten vår og bruken vår av tildelte budsjettmidlar slik at dette skjer i tråd med dei behova som pasientane har og den faglege utviklinga som stadig går føre seg. Nokre vesentlege endringar som vi dels har utført og dels vil utføre, vil vi informere om i dette notatet.

1. Sikkerheitspsykiatrisk poliklinikk

Divisjon psykisk helsevern har oppretta ein eigen poliklinikk som er organisatorisk lagd under Klinikk sikkerhet. Formålet er ei betre varetaking av pasientar som er under tvunge psykisk helsevern utan døgnopphald og der farlegheitskriteriet er oppfylt. Poliklinikken vil ha den totale oppfølginga av nokre pasientar og elles inngå i eit fagleg samarbeid med poliklinikkar på DPS om pasientar som primært blir varetekne der.

2. ROP-eining

Divisjon psykisk helsevern har oppretta ei eiga døgneining for å styrke tilbodet til pasientar med samtidig rus-avhengnad og alvorleg psykisk lidning. Eininga er organisatorisk lagd under Psykiatrisk klinikk og er lokalisert til tidlegare Martens sjukehus. Denne auken i døgnkapasitet med tilhøyrande styrking av fagekspertisen vil vesentleg betre tilbodet til nokre av dei aller sjukaste pasientane i vårt område.

3. Psykiatrisk legevakt

Divisjonen har vedteke å avvikle Psykiatrisk legevakt. Psykiatrisk legevakt har vore eit godt tilbod for nokre pasientar, men opningstidene er avgrensa og talet på pasientar som får hjelp lite, samanlikna med det som DPSane gir av hjelp. Divisjonen meiner dei pasientane som har fått hjelp av Psykiatrisk legevakt framleis vil få eit forsvarleg tilbod gjennom andre vakttenester og frå DPS-ene. Vi har eit godt tilbod med moglegheit for akutt-timar på alle DPS. Samtidig har vi vakthavande psykiater på Sandvikenområdet heile døgnet som kan gi råd / ta imot pasient øh / formidle time til DPS neste dag.

4. Fleire plassar på lokal sikkerheitspsykiatrisk post

Divisjonen har fått tilført nye midlar til å ytterlegare betre tilbodet til pasientar med behov for sikkerheitsspsykiatrisk varetaking og kompetanse. Det er vedteke å auke lokal tryggingpsykiatrisk post med 2 plassar. Lokala må leggjast til rette og endres noko før dei blir teke i bruk.

Samla sett trur Divisjonen at dei endringane som er beskrivne, vil halde oppe eit godt og forsvarleg tilbod til alle pasientar. I tillegg vil det vere ei dreining av verksemda mot dei alvorlegast sjuke pasientane – pasientar med samtidig rusavhengnad og pasientar med farlegheitsproblematikk. Dette er i tråd med klare sentrale føringar og eit behov i samfunnet.

Divisjonen ser det slik at dei planlagde tiltaka óg vil komme samarbeidspartnarane våre i kommunene og elles i primærhelsetenesta til gode.

Hans Olav Instefjord
Divisjonsdirektør